

## Retningslinjer

# Mobilitetsstipend for norsk språk, litteratur og kultur

### Kven kan søke?

Master- og ph.d.-studentar som studerer ved eit institutt for nordistikk/skandinavistikk ved eit universitet utanfor Noreg. Studenten må ha valt norsk språk, litteratur eller kultur som tema for avhandlinga/prosjektet.

I tilfelle der studenten kjem frå ein institusjon utan eige institutt for nordistikk/skandinavistikk, kan søknaden likevel vurderast dersom avhandlinga/prosjektet har eit tydeleg fokus på norsk språk, litteratur eller kultur.

### Kven kan ikkje søke:

- Bachelorstudentar.
- Studentar som tidlegare har fått stipend frå Diku/HK-dir for same prosjekt på same utdanningsnivå.
- Studentar med norsk statsborgarskap som studerer på master- eller ph.d.-nivå ved eit universitet utanfor Noreg.
- Studentar som allereie har levert avhandlinga/prosjektet sitt.

### Føremål

Mobilitetsstipendet er ein del av Ordninga for Noregskunnskap i utlandet. Stipendet skal bidra til at studentar i norsk språk, litteratur og kultur frå utanlandske universitet kan gjere feltarbeid i Noreg som del av master- eller ph.d.-graden sin.-

### Om stipendet

Mobilitetsstipendet blir gitt som eit bidrag til å dekke utgifter til reise, kost og losji i samband med feltarbeid i Noreg.

Stipendet blir gitt etter faste satsar som *reisestipend* og *oppaldsstipend*. Oppaldsstipendet blir gitt for éin, to eller tre månaders opphold i Noreg.. [Sjå den aktuelle utlysinga for oppdaterte satsar.](#)

Dersom feltarbeidet blir avslutta tidlegare enn planlagt, må studenten betale tilbake oppaldsstipendet for den gjenståande perioden.

### Om søknadsprosessen

Søknaden skal sendast elektronisk via [HK-dir sin søkerportalen Espresso](#) innan fristen.

Søknadsteksten må innehalde ei skildring av prosjektet og ei grunngiving for kvifor eit opphold i Noreg vil vere nyttig for prosjektet. Søknadsskjemaet inneheld rettleiing i korleis skjemaet skal fyllast ut.

Søkaren må oppgi ein rettleiar ved ein høgare utdannings- eller forskingsinstitusjon i Noreg der feltarbeidet skal utførast. Rettleiaren må vere tilsett i ein undervisnings- eller forskingsstilling ved vertsinstitusjonen, ha relevant kompetanse på oppgåvetema og ha sagt seg villig til å rettleie studenten under opphaldet i Noreg. Eit personleg invitasjonsbrev frå den norske vertsinstitusjonen på institusjonens brevark må leggast ved søknaden.

Søkaren må også oppgi ein rettleiar ved universitetet i heimlandet. Eit anbefalingsbrev frå rettleiaren på institusjonens brevark skal leggast ved søknaden.

## Krav til søknaden

Følgande minimumskrav gjeld:

- Søknaden må vere levert innan søknadsfristen som gjeld for utlysinga.
- Søknaden må vere levert gjennom [HK-dir sin søknadsportal Espresso](#).
- Søknaden må vere skriven på engelsk eller eit skandinavisk språk.
- Tema for avhandlinga (prosjektet) må vere innan norsk språk, litteratur eller kultur.
- Feltarbeidet må gjerast ved ein norsk høgare utdannings- eller forskingsinstitusjon.
- Søknaden må innehalde obligatoriske vedlegg:
  - a. Eit personleg invitasjonsbrev frå den norske verstsinstitusjonen
  - b. Ei anbefaling frå rettleiar ved universitetet i heimlandet
  - c. Kopi av pass ellernasjonalt ID-kort

Søknader som ikkje oppfyller desse krava, kan bli avvist eller bli vurdert som mangelfulle. For søknader med manglar, kan HK-dir gi ein kort tilleggsfrist for å rette forholdet der det er mogleg. Innhald i vedlegg/lenker som ikkje er påkravd vil ikkje bli teke med i vurderinga av søknaden.

## Søknadsbehandling

Vi vurderer:

- I kva grad tematikken i prosjektet er relevant for utlysinga.
- I kva grad prosjektet er konkretisert.
- I kva grad feltarbeidet har verdi for prosjektet.

Studentar som spesialiserer seg i norsk blir prioritert over søkerarar frå andre fagområde. Dersom det er tilgjengelege midlar igjen, kan det også bli tildelt støtte til andre fagområde.

Alle søkerarar blir informerte om utfallet av søknadsvurderinga.

Søkarare som får innvilga stipend får tilsendt informasjon om korleis stipendet blir utbetalt. Dersom søkeren vil ta imot stipendet, må eit akseptkjema fyllast ut, signerast og sendast til HK-dir. Dersom studenten også får andre stipend frå HK-dir for same periode, kan HK-dir velje å avslå søknaden.

## Krav til rapportering

Stipendet blir tildelt under vilkår om at stipendmottakar straks etter heimkomst, og seinast éin månad etter at opphaldet er avslutta, sender ein kort rapport frå opphaldet i Noreg.

## Praktisk informasjon

Kvar enkelt stipendmottakar er sjølv ansvarleg for å skaffe bustad under opphaldet i Noreg.

Dei som treng visum, bør søke om dette snarast mogleg. Søknad om besøksvisum skal sendast til nærmeste norske utanriksstasjon i heimlandet, i god tid før planlagt avreise. HK-dir kan ikkje utbetale stipendet ved avslag på visum og stipendmottakar er sjølv ansvarleg for visumsøknaden.